



Voss herad

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2020 - 2024, kunnskapsoversikt

INKLUDERANDE VOSS – EI BYGD FOR ALLE

Voss herad skal sikra god helse og fremja livskvalitet for alle

Våga å sjå – tora å spørja – mot til å handla

Innbyggjarar i Voss herad skal leva liva sine utan vald



Innholdsliste:

1. Mål for planen	side: 3
2. Føringer i nasjonale og kommunale planar	side: 4
3. Målgruppe	side: 6
4. Voss herad sitt ansvar	side: 7
5. Lovregulerte plikter og rettar	side: 7
6. Definisjon på vald	side: 9
7. Omfang av vald i nære relasjonar	side: 13
8. Konsekvensar av vald	side: 17
9. Sårbare grupper	side: 17
10. Oversikt over hjelpetilbod i Voss herad og i Vestland fylkeskommune	side: 20
11. Våg å sjå – våg å spørja!	side: 23
12. Ha mot til å handla!	side: 25
13. Handlingsretteleiarar	side: 27
14. Nettressursar	side: 28
Kilder	side: 32

1. Mål for planen: Innbyggjarar i Voss herad skal leva liva sine utan vald!

Utøving av vald er straffbare handlingar i strid med norsk lov, og eit angrep på grunnleggande menneskerettar. Det er eit alvorleg samfunnsproblem både ut frå eit helse-, likestillings-, oppvekst- og livsløpsperspektiv. Vald skal ikkje orsakast eller verta bortforklart, korkje som eit kulturfenomen eller anna som kan bidra til noko form for legalisering.

Voss herad ynskjer å styrka arbeidet for å førebygga og å avdekka vald i nære relasjonar, slik at innbyggjarane får naudsynt hjelp og vern. Det er viktig å ha medvit om at vald vert utøvd i alle samfunnslag, mot både barn og spedbarn, kvinner, menn, gamle som unge. Vald påfører betydeleg lidning, og dei helsemessige konsekvensane kan vera omfattande og potensielt livstruande. I tillegg til dei store konsekvensane for den enkelte, har vald óg store samfunnsøkonomiske kostnader. Alle må gjera sitt for å forhindra at nokon vert utsett for vald, og når det gjeld barn, må **barnet sitt beste** vera eit overordna prinsipp.

Handlingsplanen søkjer å gjenspegla ein heilskapleg tankegang rundt problemet vald i nære relasjonar. Det inneber at både valdsutsett og valdsutøvar vil vera målgrupper for planen. Dei valdsutsette er inga einsarta gruppe, heller ikkje dei som utøver vald. Dei finst i alle aldrar, uavhengig av kjønn, seksuell legning, funksjonsevne og sosial status.

I *Et liv uten vold* (Regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2014-2017), vert kommunane oppfordra til å utarbeida kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Formålet med ein kommunal handlingsplan er å førebygga og auka fokus på vald i nære relasjonar i kommunane, og sikra at partar som er råka får eit tilrettelagt og heilskapleg hjelpetilbod. Formålet er óg å styrka kunnskapsnivået hjå dei tilsette i kommunane og vidareutvikla samarbeidet mellom faggrupper, instansar og forvaltningsnivå.

Handlingsplanen inneheld kunnskap om vald, bekymringsteikn og kva ein skal gjera når ei bekymring oppstår. Planen skal vera eit verktøy for å forhindra, avdekka og handtera all form for vald i nære relasjonar. Gjennom bevisstgjerjing og kunnskap om vald i nære relasjonar ynskjer me å formidla ei haldning om nulltoleranse mot vald og seksuelle overgrep.

Handlingsplanen skal medverka til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med barn, unge og vaksne i alle aldrar, skal **våga å sjå, tora å spørja** og ha **mot til å handla** slik at valden tek slutt.

Me har som mål at handlingsplanen skal medverka til:

1. Større openheit om problemet og dermed senka terskelen for å be om hjelp
2. At kompetansen om tematikken vert auka hjå fagpersonar slik at valden vert avdekka tidlegare og i større grad enn i dag
3. At me får eit synleg og kompetent hjelpetilbod for valdsutøvar og valdsutsett
4. Godt koordinerte tenester når valdsutsett eller valdsutøvar har trong for tenester frå ulike instansar
5. Tydeleg informasjon om kva rutinar, kompetanse og ulike hjelpetilbod heradet har. Dette må verta gjort tydeleg både for tilsette og innbyggjarar
6. Avdekka vald brukarar og pasientar vert utsett for

2. Føringer i nasjonale og kommunale planar

Nasjonale handlingsplanar

Arbeidet med å førebygga, avdekka og setja inn tiltak mot vald i nære relasjonar vert styrt av fleire nasjonale føringer, både i lovverk, handlingsplanar og forskrifter. Her vil me trekkja fram dei nasjonale føringane det er mest viktig å kjenna til:

- *Regjeringa sin opptrappingsplan mot vold og overgrep 2017-2021*
- Regjeringa sin handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, *Retten til å bestemme over eget liv 2017-2020*
- Regjeringa sin strategiplan for å setja i verk tiltak mot vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, *Barndommen kommer ikke i reprise 2014–2017*
- Regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar, *Et liv uten vold 2014-2017*. [Ny nasjonal handlingsplan om vald i nære relasjonar er under utarbeiding](#)
- *Regjeringa sin handlingsplan mot voldtekt, 2012-2014*

Planane inneheld informasjon og forskning om tematikken og er nyttige oppslagsverk for å henta meir kunnskap om temaa. Alle planane har fokus på førebygging og på å motverka bruk av vald, og inneheld tiltak for å oppnå dette.

Lokale planar

I kommuneplanen for Voss herad 2020 – 2023, vert det sagt at heradet vil:

«Voss herad vil styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. Me skal leggja til rette for at innbyggjarane kan vera mest mogeleg sjølvhjelpne i alle livsfasar.

Voss herad skal førebygga framfor å reparera i helsetenesta. Me skal satsa på tidleg innsats og driva førebyggjande og helsefremjande arbeid. Tenestene skal innrettast slik at førebygging er eit grunnleggjande fokus overfor unge, eldre eller menneske med særlege helseutfordringar».

For alle innbyggjarar vil Voss herad utvikla god beredskap mot uønskte hendingar og kriminalitet, og god hjelp til dei som vert utsett for skadar. For born spesielt vil Voss herad: *«stansa overgrep, utnytting og alle former for vald mot born. Born og unge er ei sårbar gruppe som skal ha trygge omgjevnader å vaks opp i. Det er ikkje alltid tilfelle, og kommunen har eit særskilt ansvar i å verna born mot skadelege forhold slik at dei kan utvikla seg til å bli beste utgåva av seg sjølve».*

- Oppvekstplan 2015 -2018

I Oppvekstplan kapittel 5.2 – Helsefremjande arbeid – er desse måla med:

1. Faktorar som bidreg til å byggja ei god fysisk og psykisk helse skal vera sentrale i alt arbeid som rettar seg mot barn og unge
2. Helsefremjande arbeid skal forankrast i kommunalt planverk, verksemdsplanar og i tenestene
3. Barn skal i størst mogleg grad vernast mot familievald, overgrep, rus, omsorgssvikt, fattigdom og rasisme

I kapittel 6.0 – Barn og føresette med risiko for å utvikla vanskar – er det fokus på førebygging, tidleg oppdaging og hjelp og tiltak når problem er identifisert

- Bustadsosial handlingsplan
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016 – 2020
- Helse og omsorg strategidokument **“Morgondagens omsorg i mine og dine hender, 2015-2025”**

Overordna målsetting i strategidokumentet er:

Me skal levera tenester av god kvalitet gjennom kompetente medarbeidarar og brukardeltaking

Helse- og omsorgstenestene skal endra retning frå reparasjon til førebygging.

1. Levekår for barn og unge:

«Gje alle barn og unge ein trygg og god oppvekst, mellom anna med fokus på likeverd, deltaking og meistring»

2. Levekår for vaksne og eldre:

«Leggja til rette for god livskvalitet og trygge levekår gjennom samspel mellom kommune, næringsliv, det friviljuge organisasjonslivet og den einskilde innbyggjar»

3. Målgruppe

Nasjonalt kunnskapssenter for vald og traumatisk stress si førekomststudie (2014) har avdekka at eit monaleg omfang av den norske befolkninga opplever vald i nære relasjonar, og at det kan ramma uavhengig av alder, sosial status og deltaking, og kultur. Målgruppa for planen omfattar derfor alle innbyggjarane i heradet og mål og tiltak vert sett på i eit livsløpsperspektiv.

4. Voss herad sitt ansvar

I handlingsplanen vert Voss herad som arbeidsgjevar pålagt ansvaret for å sikra at alle tilsette i heradet har tilstrekkeleg kunnskap om meldeplikta, og at dei er trygge på praktiseringa av den. Vidare pålegg handlingsplanen heradet å syta for at alle kommunalt tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om kven dei skal kontakta ved bekymring om ein innbyggjar dei har kontakt med er utsett for vald, eller om det er spørsmål om melde- og/eller avverjeplikta er utløyst. Heradet har og ansvar for at innbyggjarane har tilgang til eit fullverdig krisesentertilbod. Heradet, i form av både barnevern, psykisk helseteneste og sosialtenesta i NAV, har óg ansvar for oppfølging av valdsutsette, deira familie og pårørande. Heradet har óg ein lovfesta plikt til å gje opplysning, råd og rettleiing (helse- og omsorgstenestelova §3-3, barnevernlova §6-1, sosialtenestelova §17) og ei lovfesta rett til individuell plan (helse og omsorgstenestelova §7-1, sosialtenestelova §28, barnevernlova §3-2a).

5. Lovregulerte plikter og rettar

Teieplikt

Teieplikta skal syta for å hindra at opplysningar om personlege forhold, vert kjent for uvedkommande. Teieplikta for offentlege tilsette er forankra i forvaltningslova § 13. I tillegg er enkelte profesjonar og faggrupper underlagt ein særskild teieplikt i ulike særlover. **Men**, teieplikta skal ikkje vera til hinder for å melda frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at eit barn vert utsett for vald/sekssuelle overgrep, og/eller lever i vald. Som hovudregel skal offentlege tilsette innhenta eit informert samtykke frå den som får hjelp, til å ta kontakt med andre deler av hjelpeapparatet. Om dette ikkje er mogleg, er teieplikta ikkje til hinder for at tenesteapparatet kan drøfta ei sak anonymt (det vert då ikkje gjeve opplysningar som kan identifisera konkret sak eller person).

Avverjeplikt

Avverjeplikta er ei plikt heimla i straffelova §196, om å avverja ei straffbar handling ved å melda frå til politiet, eller på anna vis søkja å avverja ei straffbar handling. Avverjeplikta gjeld når det står fram som sikkert eller mest sannsynleg at ei straffbar handling er eller vil verta utført. Teieplikta vert oppheva av avverjeplikta. Avverjeplikta gjeld ikkje berre for offentlege tenestemenn, men óg for privatpersonar.

Meldeplikt til barnevernstenesta

Alle offentlege instansar har plikt til å melda til barnevernstenesta om barn som vert utsett for vald/seksuelle overgrep, eller er vitne til vald. Nokre instansar og tenester har særlege lover som regulerer verksemda si bestemming om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett. Tenesta sine eigne rutinar skal verta følgd når melding vert sendt til barnevernet.

Opplysningsplikt til barnevernstenesta

Dette er ei lovpålagd plikt til å gje opplysningar. Opplysningsplikta overfor barnevernstenesta omfattar både ei plikt til å melda frå på eiga initiativ og til å gje opplysningar ved pålegg frå barnevernstenesta. I saker kor det er mistanke om at eit barn vert utsett for vald eller er vitne til vald i familien, er det barnevernstenesta eller politiet som må vurdere om og når omsorgspersonar skal verta informert. Opplysningsplikta er tatt inn i lova for å sikra at saka er så godt opplyst som mogleg, slik at avgjersler vert tatt på eit best mogleg grunnlag.

Anonymitet

Den som gjev opplysningar til barnevernstenesta er ikkje sikra anonymitet. Om barn er utsett for hendingar som kan utløyse opplysningsplikta, til dømes vald i heimen, skal meldar gje seg tilkjenne. Tilsette i det offentlege kan ikkje senda anonyme meldingar til barnevernet.

Melding

Vald i nære relasjonar er underlagt offentleg påtale utan vilkår, og politiet bør i størst mogleg grad ta ansvaret for at melding vert skrive. Det er i slike saker ikkje naudsynt for ein fornærma å melda det straffbare forholdet sjølv. Politiet kan på sjølvstendig grunnlag setja i verk etterforsking når dei er kjend med at nokon er utsett for vald i nære relasjonar.

Privatpersonar si plikt til å handla

Alle har ei moralsk forplikting til å handla dersom ein mistenker at nokon er utsett for vald eller seksuelle overgrep. Privatpersonar kan melda bekymring anonymt til barnevernet og er ikkje bundne av same regelverk som ein offentlig tilsett. Avverjeplikta er derimot lik for alle.

Barnekonvensjonen

I vurderingar og handlingar gjeldande barn og ungdom ynskjer me å presisera at det grunnleggjande argumentet skal vera **barnet sitt beste**, jf. Barnekonvensjonen sin artikkel 3 nr 1. Dersom du er usikker på kva du ser, men vurderer at det vil vera til barnet sitt beste om nokon ser nærare på saka, kan med andre ord meldeplikta di vera utløyst. Melding, eventuelt anonyme drøftingar for å avklara meldeplikta, bør då alltid finna stad.

6. Definisjon på vald

All vald vert kjenneteikna av det å påføra skade eller smerte, og det å skremma eller krenka andre. Vald er mange type handlingar kor føremålet er å styra eller tvinga andre. Me nyttar Per Isdals definisjon på vald:

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil»

Omgrepet *nære relasjonar* bør også verta definert. I den nasjonale handlingsplanen *Et liv uten vold*, vert det definert som at valdsutøvar og valdsoffer har ein nær relasjon, som noverande eller tidlegare kjærastar, sambuar eller ektefelle. Det kan óg vera sysken, foreldre, besteforeldre, eller andre nære slektningar. Vidare i planen står det: *«Enhver voldsutøvelse er en krenkelse av den som rammes, men forholdet mellom utsatt og gjerningsperson er av stor betydning for hvordan volden oppleves. Smerten over å bli utsatt for et overgrep fra en nærstående person kommer i tillegg til selve volden»*.

Valden vert ofte utøvd i heimen der ein skulle forventa å vera trygg. Valden treng ikkje skje dagleg, men det kan verta opplevd slik fordi frykta for vald alltid er til stades. Det kan vera ei påkjenning å alltid måtte vera «i beredskap», og ein strategi kan vera å undertrykkja egne kjensler, signal og reaksjonar på fare. Dette kan innebera at ein etter kvart kan verta oppfatta som likegyldig og distansert. Når barn går i konstant beredskap kan det resultera i endringar i korleis hjernens fungerer. Når vald eller frykt for vald blir ein del av kvardagen, kan det verta vanskeleg å skjøna kva som er «normalt» og kva som «ikkje er normalt».

Ein stor del av ungdommar sitt liv går føre seg på digitale og sosiale medium, som då også kan verta arenaar der seksuell krenking og mobbing skjer. Det faktum at denne type krenking rammer barn og unge sjølv der dei skulle vera trygge; heime, bak lukka dører på jente- og guteroommet, kor tid som helst på døgnet, gjer at Voss herad sin handlingsplan også inkluderer denne formen for vald.

Ulike former for vald

Vald har mange ulike former og uttrykk. Ofte er det glidande overgangar mellom disse valdsuttrykka. Det er viktig å vera klar over at psykisk vald og frykt kan vera like skadeleg som fysisk vald, og at å vera vitne til vald også er å vera utsett for vald.

Digital vald

er krenkande meldingar, kommentarar og bilete som vert retta til enkeltpersonar, grupper av personar eller vert publisert i full offentlegheit. Internett og mobiltenester er effektive arenaar for å spreia tekst, bilete og filmar og har på den måten vorte arenaar for trakassering, krenking, truslar, utpressing og overgrep. Det er raskt, det er enkelt og avsendar kan vera anonym og/eller nytta falsk profil. Tekst og bilete som er publisert på nettet, kan vera svært vanskeleg å få sletta. Dette kan vera til stor belastning for den som vert utsett for dette.

Fysisk vald

er handlingar som skader eller smerter direkte på kroppen. Det er alt frå å halda nokon fast eller gje ørefik, sparka, slå, klypa, klora, bita, dytta, lugga, ta kvelartak eller liknande, til angrep med ulike gjenstandar, våpenbruk, brennmerking, tortur og drap.

Psykisk vald

verkar gjennom å skremma, audmjuka, kontrollera og isolera. Det inneber handlingar som utskjelling, gjentatt sårande kritikk, utstrekt kontroll over andre sine rørsler, direkte og indirekte truslar, forhøyr, overvaking, latterleggjering, kjefting og nedvurderande ytringar (verbal vald). I parforhold og familiar kan ein seia ting som ein angrar på. Det vert definert som psykisk vald når det gjentek seg igjen og igjen, utan omsyn til den andre sine kjensler.

Latent vald

er trusselen om vald, dersom den som vert utsett ikkje gjer som valdsutøveren ynskjer. Valden "ligg i lufta". Den som er utsett kan merka dette svært godt, mens den kan vera vanskeleg å få auge på for andre, fordi den handlar om hint til tidlegare valdshistorie, som utanforståande ikkje kjenner til.

Materiell vald

inneber blant anna å knusa gjenstandar, slå i veggjen eller bordet, kasta mat eller liknande, øydelegga den andre sine personlege eigedelar. Dette er vald fordi det er skremmande å sjå eit anna menneskje øydelegga ting i sinne, og fordi det kan henda at ein øydelegg noko som har verdi for andre, og slik såra/krenka/skremma den andre.

Seksuelle overgrep mot barn

Seksuelle overgrep mot barn er forhold kor barn og ungdom vert dratt med på seksuelle handlingar som de ikkje er modne for, samtykker til eller forstår. Overgriparen utnyttar barnet sin avhengigheit eller eigen posisjon. Overgrepa bryt med sosiale tabu i familie og sosialt miljø og er ulovleg. Incest inneber seksuelle forhold mellom nære familiemedlemmer, eller mellom ein vaksen i ei foreldrerolla og eit barn. Seksuelle overgrep omfattar seksuell krenkande åtferd, seksuell handling og seksuell omgang.

Seksuell vald

inneber valdtekt og seksuelle overgrep, men óg andre krenkande eller fornedrande seksuelle handlingar, eller å måtte vera vitne til slike handlingar. Seksuell vald i kjærasteforhold kan vera at ein vert pressa til å ha sex, ha sex på måtar som ein ikkje vil, ubehagelege seksuelle kommentarar eller kroppsspråk.

Seksuell trakassering

er ei samlenemning for åtfærd der ein blant anna kan sjå at:

1. Trakasseringa spelar på kjønn, kropp og seksualitet, eit trekk som skil seksuell trakassering frå anna type mobbing.
2. Det kjennest ubehageleg, nedverdiggande eller truande. Det er dette som skil seksuell trakassering frå til dømes flørting, som jo óg spelar på kjønn, kropp og seksualitet.
Flørting er gøy og hyggeleg for begge partar. Seksuell trakassering er ubehageleg for minst ein av partane.

Vald i kjærasteforhold

fylgjer ofte eit mønster kor det etter ein valdssituasjon kjem ein god periode/repareringsfase før ny spenningsoppbygging leiar fram til ny valdsepisode.

Tida mellom kvar valdsepisode kan variera, og valdsepisodane vert gjerne hyppigare ettersom tida går. Det som er viktig, er at den som vert utsett for vald, er klar over og kan kjenna att mønsteret. Mange opplever å få sterkt håp i repareringsfasen, og slik verta overraska når dei på ny vert utsett for vald. Ved å sjå og kjenna att mønsteret, kan den som lever i eit valdeleg parforhold forstå kva som skjer på ein betre måte.

Æresrelatert vald

er vald utløyst av ein trong for å ivareta eller retta opp att ære innan ein familie eller ei gruppe. Kulturelle moment som ære, krav om dydigheit og lydighet, patriarki og kollektivism er sentrale grunnar til at vald vert utløyst. Kjønnslæmlesting og tvangsekteskap er alvorlege døme på slik vald. Valden er ofte strukturell og kan omhandla ulike former for sosial utstøytning, isolering, ryktespreiing og stigmatisering.

Sosial kontroll

er ulike former for oppsyn, press, truslar og tvang for å sikra at enkeltpersonar lever i tråd med familien eller gruppa sine normer. Det er vanleg at foreldre sett grenser for eigne barn som ein del av barneoppdraginga, men nokre gonger vert det sett urimelege avgrensingar som kan bryta

med den einaskilde sine rettar i samhøve med blant anna barnekonvensjonen og norsk lov. Det kan handla om val av vener, kjærast, seksualliv, kjønnsidentitet eller seksuell orientering. I nokre døme kan ein sjå at valden er ein systematisert del av oppdraginga. Sosial kontroll kan ramma barn som har bakgrunn frå andre land, men kan óg ramma til dømes unge etnisk norske som veks opp i lukka trussamfunn.

Strukturell vald

omhandlar ulike former for sosial utstøytning, isolering, ryktespreiing og stigmatisering.

Økonomisk vald

er kontroll over den valdsutsette sin økonomi, eller truslar og tvang i økonomiske spørsmål.

7. Omfang av vald i nære relasjonar

Nasjonalt kunnskapssenter for vald og traumatisk stress sin førekomststudie (NKVTS 2014)¹¹ konkluderer blant anna med at vald og seksuelle overgrep førekjem relativt ofte i den norske befolkninga, og er klart assosiert med psykiske helseproblem. Det vert vidare sagt i studien at vald og overgrep er rekna for å vera eit alvorleg folkehelseproblem.

Omfangsundersøkingar som er gjennomført dei siste åra anslår at mellom 75 000 og 150 000 personar årleg vert utsett for vald i nære relasjonar. Talet på personar som vert utsett for vald i nære relasjonar, er av eit slikt omfang at det er definert som et samfunnsproblem i Noreg.

Kostnadene vert vurdert til 4–6 milliardar kroner kvart år.

- 21 % av alle barn vert utsett for mindre alvorleg vald av sine foreldre og 6 % av ungdom i Norge oppgjer at dei har opplevd alvorleg fysisk vald frå minst ein forelder i løpet av oppveksten.



Voss herad

- I Norge har mellom 56 500 og 76 000 heimebuande personar vore utsett for vald eller overgrep etter at dei har fylt 65 år. Valdsutsette eldre kontaktar i liten grad tenesteapparatet for hjelp.
- Partnardrap utgjer ein fjerdedel av alle drap i Norge. Ein gjennomgang av 177 partnardrapssaker syner at sju av ti av dei som har vorte drepen av ein partner, har vore utsett for partnervald før drapa. I fem av ti partnardrap var det registrert fem eller fleire episodar
- “Ein reknar med at berre 25 prosent av valden kvinner vert utsett for av nærstående, vert meldt” (Et liv uten vold, s.6)



Bergen krisesenter - aktivitet	2016	2017	2018	2019
Kvinner på opphold i krisesenteret				
Menn på opphold i krisesenteret				
Antall barn på opphold i krisesenteret				
Overnattingsdøgn voksne				
Overnattingsdøgn barn				
Voss kommunes andel beboere i %				
Dagbrukere kontakt/besøk kvinner				
Dagbrukere kontakt/besøk menn				

Voss lensmannskontor sin oversikt over registrerte kriminelle handlingar - statistikk Voss og Granvin 2015 - 2019

Diverse kriminelle handlingar	2015		2016		2017		2018		2019	
	Granvin herad	Voss	Granvin herad	Voss	Granvin herad	Voss	Granvin herad	Voss	Granvin 2019	Voss
Mishandling i familieforhold med lekamskrenking (§219, 1.ledd)		7		2		4		1		1
Mishandling i familieforhold utan lekamskrenking (§ 219, 1.ledd)				2						
Mishandling i nære relasjonar med kroppskrenking		1		3		6	1	4	1	4
Mishandling i nære relasjonar utan kroppskrenking				1		1				3
Familieforhold diverse		2				1	1	1		
Sum	0	10	0	7	0	12	2	6	1	8

8. Konsekvensar av vald

I NKVTS sin førekomststudie vert óg funn frå andre liknande studiar i inn og utland, samanlikna. Det kjem fram funn som syner at menneske som er utsett for vald og overgrep er meir utsett for psykiske og somatiske helseproblem, suicidalitet, overvekt, tidleg død og medikamentbruk. I den nasjonale handlingsplanen vert det trekt fram at vald kan ha store økonomiske konsekvensar for den som er utsett, blant anna ved at det i negativ grad påverkar mogelegheit til deltaking i studiar og arbeidsliv.

Barn som er vitne til vald vert påverka direkte; det å vera vitne til vald er minst like skadeleg som å verta direkte utsett for vald. Kunnskapen om dette syner verdien av eit systematisk førebyggjande arbeid for å forhindra at barn, unge, vaksne og eldre vert utsett for vald.

Vidare kan momenta over óg ha store samfunnsmessige konsekvensar ved at dei er knytt til utgifter med sosial- og trygdeytningar, og at det er kostnadar knytt til støtte- og behandlingstilbod som dei som er utsett kan ha trong for. Ved å førebygga og setja i verk tiltak mot vald kan me auka livskvaliteten til innbygarane i heradet, og det vil óg kunna redusera samfunnskostnadar og forbetra levekårsstatistikken.

9. Sårbare grupper

Alle som er utsett for og lever med vald utgjer ei sårbar gruppe. Menneske som lever i ein valdsrelasjon vil ha mindre krefter og ressursar til å søkja hjelp og bryta ut av relasjonen. Handlingsplanen skal gjelda for alle innbygarane i heradet, både barn, vaksne og eldre. Blant desse finn ein menneske som på grunn av alder, funksjon eller andre sosiale forhold er meir utsett og sårbare enn andre grupper. Desse gruppene vert kort skildra i planen fordi det er grupper me bør vera særleg merksame på. Sårbarheit handlar ikkje berre om sårbarheit i konkrete valdshandlingar, men óg om det å vera i ein særleg sårbar situasjon, eller å ikkje få den hjelpen ein har trong for av hjelpeapparatet.

Barn

Barn kan verta utsett for vald som ein del av oppdraginga, ulike grader av omsorgssvikt kan óg verta kalla vald. For eit barn er det også like skadeleg å vera vitne til vald, som at dei sjølve vert utsett for vald. At eit barn er vitne til vald mellom foreldre/føresette/partnar vert derfor rekna som at barnet vert utsett for vald.

Å verta utsett for vald som barn har alvorlege konsekvensar for barnet si utvikling. NKVTS si forskning syner óg at å verta utsett for vald som barn gjev auka risiko for at ein vert utsett for vald i vaksen alder. NOU-rapporten *Svikt og svik* (2017)¹⁶ avdekker at samarbeidet og samhandlinga rundt barn som vert utsett for vald i dag ikkje er tilstrekkeleg.

Ungdom

Seksuell krenking blant ungdom er svært utbreidd, og krenkingane er grove. Ungdom krenker kvarandre sine grenser, og dei vert utsett for krenkingar frå vaksne med makt. Ofte veit ungdom for lite om kva som er ulovleg, og forstår i for liten grad konsekvensane av kva som skjer, dette syner ein rapport frå Barneombodet.

Det er vanleg at det vert sett grenser av foreldre for barn som ein del av barneoppdraginga, men i nokre høve vert det sett avgrensingar som ikkje er rimelege. Dette vert kalla negativ sosial kontroll. Negativ sosial kontroll kan handla om konflikthandlingar rundt val av vener, kjæraste, seksualliv, kjønnsidentitet eller seksuell orientering. Felles for alle som er utsett for negativ sosial kontroll, uavhengig av kjønn og sosial bakgrunn, er at det handlar om fridomsavgrensing som bryt både med deira rett og norsk lovgjeving. Det finst ikkje forskning på omfanget av negativ sosial kontroll.

Eldre

NKVTS sin førekomststudie om vald og overgrep mot eldre i Norge (2017) avdekker at talet for vald og overgrep mot heimebuande personar etter fylte 65 år er nesten tilsvarande lik prosentdelen for folkesetnaden elles. Det er heller ikkje signifikante skilnadar mellom menn og kvinner.

Rapporten konkluderer med at valdsutsette eldre i liten grad kontaktar hjelpeapparatet, og at vald mot den eldre delen av folkesetnaden på mange vis er eit usynleg samfunnsproblem.

Menneske i aktiv rus

Rusmiljøet er belasta med at det er ein auka risiko for vald for dei som er ein del av miljøet. Halvparten av alle drap i Norge vert gjort av personar i rus. I rapporten «*Kan dem takke seg selv?*» er det framheva at vald ofte skjer i ein nær relasjon der den rusavhengige vert utsett for

vald av den som har tilgang til rusmiddel. Dette gjer at det kan vera vanskelegare for den som er rusavhengig å bryta relasjonen. Rusavhengige møter ofte fordommar i samfunnet, dessverre også frå hjelpeapparatet.

Det er óg viktig å vera merksam på pårørande til menneske i aktiv rus, då dei ofte er utsett for vald av den rusmiddelavhengige.

Innvandrarar

Mange innvandrarar innrettar seg etter det norske samfunnet sine lover, regler og verdiar når dei kjem til Norge. Nokre jenter og gutar veks derimot opp i Norge utan fridom til sjølve å bestemma over sitt eige liv, sin eiga kropp eller kven dei skal gifta seg med. I nokre samfunn vert kvinner sett på som annanrangs borgarar og utsett for vald, overgrep og sosial kontroll («*Retten til å bestemme over eget liv*», Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse 2017 - 2020)

Innvandrarar som gifter seg med nordmenn, kan óg vera ei sårbar gruppe. For desse kan mangelfulle språkferdigheiter, sosialt nettverk og kunnskap om kva rettar ein har, gjera det enda vanskelegare å koma ut av valdssituasjonen.

Menneske med funksjonsnedsetting

I *Mellom frihet og beskyttelse* (Mellom frihet og beskyttelse? Vold og seksuelle overgrep mot menneske med utviklingshemming, en kunnskapsoversikt, 2013), vert det presentert kunnskap om omfang av vald og seksuelle overgrep i nære relasjonar, mot menneske med psykisk utviklingshemming. Omfanget gjer at vald også for denne gruppa er å rekna som eit betydeleg samfunnsproblem. Rapporten synleggjer at størstedelen av valden vert utøvd av andre enn familiemedlemmar, men det er andre personar som over tid har fysisk nærleik og derfor ein nær relasjon til offeret. Dette kan vera til dømes naboar og vener, eller tenesteytarar i helse- og omsorgstenestene.

Under nemninga funksjonsnedsetting vert óg menneske med fysiske funksjonsnedsettingar rekna med. Ei fysisk funksjonsnedsetting kan i nokre tilfelle hindra den som vert utsett frå både å verna seg sjølv og i oppsøkja hjelp.

10. Oversikt over hjelpetilbod i Voss herad og i Vestland fylkeskommune

Her finn du ei oversikt over tilbod frå heradet og andre instansar i regionen. På Voss herad sine nettsider, kan du óg finna ei oversikt over tiltak og tenester til born, unge og familiar vossherad.no/helsevoss/. Tenesteoversikten er ein del av heradet sitt arbeid med betre tverrfagleg innsats (BTI).

Barnevernet

Barnevernet har som mål å setja inn hjelp tidleg, før situasjonen vert akutt. Ein kan då førebygga vanskelege situasjonar for barn og familiar. Som hovudregel er det best at barn får veksa opp i sin eigen heim. Barnevernet skal difor alltid først vurdera om det er mogleg å hjelpa mor eller far for å få familien til å fungera betre. Er du uroa for eit barn eller ein ungdom, skal du kontakta barnevernet. Barn og ungdom kan óg sjølv ta kontakt.

Førebyggjande politiarbeid

Politiet kan hjelpa i det førebyggjande arbeidet ved å halda føredrag om enkelttema. Politiet gjev også råd og rettleiing. Ta kontakt med Voss lensmannskontor eller Vest politidistrikt.

Foreldrerettleiing PMTO, ICDP og TIBIR

Voss herad har tilbod innan foreldrerettleiing, det vert nytta foreldrerettleiingsprogram som PMTO (Parent Management Training Oregon-modellen), TIBIR (tidleg innsats til born i risiko) og ICDP (International Child Development Programme). ICDP er eit obligatorisk program for alle flyktningforeldre i introduksjonsprogrammet. I ICDEP finn ein rettleiarar for integreringstenesta og helsestasjon. Både PPT, helsestasjon og skule tilbyr foreldrerettleiingsprogram. Alle «nye» foreldre vert gjeve tilbod om ICDP når dei er i kontakt med helsestasjonen.

Meistringsteam

Målgruppa for bistand frå Meistringsteamet er barn i grunnskulealder, konsentrert til å gjelda barn frå 4. til 7.klasse på skulane i Voss herad. Meistringsteamet kan arbeida både med enkeltelevar som strevar med psykososiale utfordringar, og med klassar/grupper med psykososiale utfordringar.

Meistringsteamet har høve til å samarbeida tett med andre hjelpeinstansar i kommunen ved behov.

Statens barnehus i Bergen

Barnehuset ligg i Bergen og er eit tilbod til barn og ungdom som kan ha vore utsett for, eller vore vitne til vald eller seksuelle overgrep, der det ligg føre ei politimelding. Tilbodet er óg for vaksne med ei psykisk utviklingshemming. Statens Barnehus gjer også råd og rettleiing til privatpersonar og offentlege instansar i anonyme saker som ikkje er avklara.

Krisesenter i Bergen

Krisesenteret er eit akutt, mellombels butilbod til alle som er utsett for vald i nære relasjonar. Krisesenteret kan også tilby samtalar til kvinner eller menn som har vore eller vert utsett for vald, men som ikkje bur på krisesenteret. Krisesenteret gjev råd og personell å prata med, hjelp til å bearbeida valdsopplevingar og anna rettleiing.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er eit tilbod til alle elevar i grunn- og vidaregåande skular. Barn og unge har rett til tilgjengeleg skulehelseteneste.

Helsesjukepleiar er på skulen til faste tider og har «open dør».

Sentralt i retningslinene er å vera tilgjengeleg og synleg for elevane i samarbeid med skulen. Å styrkja psykisk helse, førebyggja, avverja og avdekka vald, overgrep og omsorgssvikt, og bekymringsfullt fråvær er nokre av måla for tenesta. Helsesjukepleiar og lege samarbeider nært med fysioterapeut, PPT, familiesenter, kommunepsykolog, barnevern, NAV og tannhelsetenesta i kommunen.



Familievernkontor

Familievernkontoret kan hjelpe med rådgjeving og samtalar, både om kvardagsproblem eller når det er vanskar, konfliktrar eller kriser i familien. Du treng ikkje å verta tilvist for å ta kontakt med familievernkontoret. Du kan bestilla time på telefon 466 19 150 eller ta kontakt på e-post: familievernkontoret.odda@bufetat.no

Barnehage- og skuleteam

Målet for barnehage- og skuleteamet er å bidra til at born som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging, stimulering og omsorg, får god og tidleg hjelp. Foreldre/føresette kan be om møte med teamet.

Born som pårørande

Det er utarbeidd en pårøranderettleiar i Voss herad.

Rus/psykiatritenesta, tiltak retta mot born

Mange barn har det vanskeleg når foreldra slit. Avdeling for Psykisk helse og rusarbeid kan tilby barn som har foreldre som er psykisk sjuke eller har foreldre med rusproblem, samtalar og oppfølging med ein vaksen med røynsle innanfor området.

11. Våg å sjå – våg å spørja!

Kvart einskilde individ har ulike reaksjonsmønster og vil i ulik grad meistra å skjula symptom og valden dei vert utsett for. Valden kjem som nemnd i mange ulike former der dei ulike formene, som psykisk og latent vald, kan vera vanskeleg å sjå. Om du torer å spørja, så torer folk å svara, noko både politi og hjelpeapparatet har røynsle med. Me vil presisera at punkta under ikkje er fasitsvar eller ei skildring av kvar enkelt som opplever vald i nære relasjonar. Teikna kan gje ein indikasjon på at det kan handla om vald eller omsorgssvikt, men det er viktig å hugsa at det også kan vera andre årsaker.

Om du har mistanke, så spør vedkommande! Ressursen [dinutvei.no](https://www.dinutvei.no) seier at å stilla direkte spørsmål om vald, valdtekt eller andre seksuelle overgrep, enten hendingane pågår no eller ligg tilbake i tid, kan vera ein viktig støtte for den som er utsett.



Generelle teikn på vald:

- Sår og blåmerke, brann- og kuttskadar, gjerne fleire stader på kroppen
- Skadeomfanget stemmer ikkje med oppgjeven hending
- Inga ulykke eller hending som kan gje skade vert oppgjeve
- Oppgjeve hending eller skade på barn passer ikkje med barnet sitt utviklingsnivå
- Endring av forklaring på eller ulik forklaring på skade frå ulike personar
- Avtalar vert ofte endra
- Partner er ofte med på avtalane
- Personen eller familien motset seg hjelp som krev innsyn i familien
- Hyppige legebesøk/innleggingar i sjukehus med diffuse symptom
- Reaksjon ved berøring
- Sosial tilbaketrekking, isolasjon
- Låg sjølvtilitt, sjølvbebreiding og skuld kjensle
- Endring i sinnsstemning, auka tristheit, nummenheit, auka irritasjon og sinne
- Angst, frykt og depresjonar
- Konsentrasjonsvanskar og vanskar med å hugsa
- Sein utvikling psykisk og fysisk (barn)
- Søvn- og spiseproblem
- Sjølvskading
- Bruk av rusmiddel
- Problem i samspel med omgjevnader
- Einsemd, kjensle av å vera heilt åleine

Teikn på omsorgssvikt/vanskjøtsel:

(Barn, eldre, menneske med funksjonsnedsetting mv)

- Prega av dårleg stell og pleie
- Ueigna påkledning
- Dårlig tannstatus
- Dårlig, manglande eller feil ernæring
- Manglande medisinsk oppfølging
- Manglande tilsyn som resulterer i skadar
- Omsorgspersonar med rusvanskar
- Lite emosjonell tilgjengeleg foreldre/pårørande

Barn som er utsett for seksuelle overgrep:

- Endringar i åtferd eller sinnstemning
- Seksualisert åtferd
- Utagerande eller «pleasende» åtferd
- Sårheit, smerter i underlivet
- Gjentatte urinvegsinfeksjonar, utflod, blod
- Angst, sinne
- Konsentrasjonsvanskar
- Psykosomatiske plagar
- Ein kan sjå fysiske teikn, men i dei fleste tilfelle etterlet ikkje seksuelle overgrep fysiske spor eller endringar

12. Ha mot til å handla!

PRIVATPERSONAR

Til deg som er vaksen:

Har du mistanke om at personar vert utsett for vald eller seksuelle overgrep, eller er vitne til dette?

Ta bekymringa på alvor!

Rådfør deg med fagfolk:

- Barnevernet: 56521310
- Politi: 02800
- Bergen krisesenter: 55315050

Nettside me kan tilrå: dinutvei.no

Å melda frå er ikkje å sladra, men å bry seg!

Til deg som er barn/ungdom:

Har du mistanke om at ein ven eller medelev vert utsett for vald eller seksuelle overgrep, eller er vitne til dette.

Ta bekymringa på alvor!

Ta kontakt med ein vaksen du stoler på, for eksempel lærar eller helsesyster, eller ring heile døgret til:

- Barnevernet på Voss: 56521310
- Helsestasjonen på Voss: 56533040
- Politi: 02800
- Alarmtelefon for barn og unge: 116 111

Her kan du ringa og få råd. Du treng ikkje seia kven du er.

Nettside me kan tilrå: ung.no/vold

Du kan drøfta bekymringa di anonymt! Som privatperson er du ikkje bunden av same regelverk som ein offentlig tilsett. Men avverjeplikta er lik for alle.

TILSETTE

Alle tilsette i Voss herad er personleg ansvarlege for å melda frå til politiet og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at eit barn eller ein ungdom er utsett for vald eller seksuelle overgrep.

Drøft bekymringa med kollegaer og leiaren din.

Kontakt for råd og rettleiing:

- Barnevernet på Voss: 56521310
- Helsestasjonen på Voss: 56533040
- Politi: 02800

Ved mistanke om at vald/seksuelle overgrep vert utøvd av foreldre/omsorgspersonar skal desse ikkje verta informert om at melding vert sendt til barnevernet.

Det er viktig at barnet sin tryggleik vert ivareteken. Ved å informera foreldre om vår mistanke kan me risikera å utløysa ny eller meir alvorleg vald retta mot barnet, og me kan risikera at barnet vert instruert til å ikkje å fortelja noko til dei som kan hjelpe, til dømes lærar eller helsesyster.

Det er barnevernstenesta eller politiet som skal vurdere om og når omsorgspersonar skal verta informert.

Har du mistanke om eller er bekymra for at ein voksen/eldre vert utsett for vald og/eller overgrep?

Drøft bekymringa med kollegaar og leiaren din.

Kontakt for råd og rettleiing:

- Politi: 02800
- Bergen krisesenter: 55315050
- Vern for eldre tlf: 800 301 96

13. Handlingsrettleiarar

Det er laga to handlingsrettleiarar til denne handlingsplanen. Handlingsrettleiaren skal fungera som arbeidsverktøy og rettleiar der det er mistanke om vald i nære relasjonar – ein handlar om vaksne og ein om barn. Handlingsrettleiaren er utforma trinnvis, me startar med kva me kan sjå, går vidare til korleis me spør om vald og korleis me avklarar det me vert fortalt. I rettleiaren kjem handling etter avklaringa, her er det sett opp konkrete tiltak som må settast i verk, her finn du skildring av når handling må skje snarast. Du finn óg kontaktinformasjon til dei ulike instansane som skal kontaktast. Kvar situasjon vil verta opplevd forskjellig, og handlingsrettleiaren er ment som nettopp ein rettleiar for framgangsmåte ved mistanke om vald i nære relasjonar. Det viktigaste du som offentleg tilsett, kollega eller ven kan gjera, er å tora å sjå og spørja og ha mot til å handla. Vis at du bryr deg, at du har tid til å snakka og at du ynskjer å hjelpa.

Handlingsrettleiarar:

Rettleiar 1 vaksne: Kva gjer eg som tilsett, kollega eller ven – ved mistanke om vald i nære relasjonar?

Rettleiar 2 barn: Kva gjer eg ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep mot barn?

For deg som arbeider med barn, er offentleg tilsett eller har kjennskap/relasjon til barnet.

14. Nettressursar

Det finnes ei rekkje nettbaserte verktøy og tiltak som kan nyttast i førebyggjande arbeid, som ikkje er tatt med som direkte tiltak i handlingsplanen si tiltaksliste. Desse kan vera til hjelp for tenestene i heradet med å gjennomføra tiltaka og å gje eit breitt tilbod.

For alle:

- [Nasjonalt kompetansesenter om vold og traumatisk stress](#) – forskning og rapportar
- [Dinutvei.no](#) - Nasjonal vegvisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Her finn du også ein spørsmål-svarteneste kor du som stiller spørsmål er anonym
- [Hvorlite.no](#) Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar
- [Informasjonsside om avverjeplikta](#)
- [Foreldresupport](#)

For deg som arbeider med barn og unge:

- SNAKKE er et opplæringsprogram for deg som arbeider med å prata med barn og unge, programmet er utarbeidd av RVTS. Her kan du øve og trena på å avklara korleis barnet har det. Tilgjengeleg på [Snakkemedbarn.no](#)
- [Foreldresupport](#)
- [Jegvilvite.no](#) Først og fremst informasjon til barn, men under fanen for vaksne får du enkle tips og råd om korleis du på best mogleg måte kan prata med barn om vanskelege tema
- [Rettleiar for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vald i nære relasjonar](#) rettleiar frå nasjonalt kunnskapscenter om vald og traumatisk stress

- [Vegvisar om kjønnslemlesting](#)
- [Rettentil.no](#) er utvikla av RVTs og er eit oversiktsverktøy for deg som møter barn og unge som kan vera utsett for negativ sosial kontroll, tvangsekteskap eller kjønnslemlesting. Nettsida inneheld artiklar, oppdaterte definisjonar og fenomeniskildringar, samt konkrete råd og refleksjonsspørsmål. Her finn du også ei oversikt over viktige aktørar i hjelpeapparatet og referansar til aktuell faglitteratur
- Valdsførebyggande og livsmeistrande opplæringsverktøy for barnehage og skule
[Jegvet.no](#)
[Determinnvalg.no](#) (Lions quest)
[vossherad.no/helsevoss/](#)

Gode nettressursar retta mot barn og unge

- [Jegvilvite.no](#)
- [RVTs informasjonsfilm](#) for barn om overgrep mot barn
- [116111.no](#) Informasjon om kva som skjer om du ringer alarmtelefonen for barn og unge, informasjon på mange språk
- [Ikke Greit](#) Bufdir si informasjonsbrosjyre med tips og råd til ungdom i alderen 13-18 år, med tips og råd til kva dei kan gjera viss dei sjølve eller andre vert utsett for hatprat
- [ung.no/vold](#) Nettsida er det offentlege sin informasjonskanal for ungdom. På nettsida finn du informasjon om dine rettar, moglegheiter og plikter
- *Kroppen min eier jeg*, teknefilm på [NRK Super](#) og rettleiingsmateriell frå [Redd Barna](#)
- [Helsesista](#) på Snapchat har mange fylgjarar blant barn og unge. Sjå og lær!

For deg som arbeider med eldre

- [Vern for eldre](#)- informasjonsside og e-læringsprogram for deg som arbeider med eldre. Inneheld blant anna interaktiv nettressurs med oppgåver med fokus på heimebuande eldre vernforeldre.no/info
- Eldre i institusjon vernforeldre.no/institusjon
- [Usynlige overgrep](#) - Brosjyre om Krisesenterets tilbod for alle som møter eldre gjennom sitt arbeid
- [TryggEst - vern av risikoutsette vaksne](#) TryggEst er eit prøveprosjekt i regi av Barne- ungdoms- og familiedirektoratet som skal medverka til å avdekka og forhindra overgrep mot vaksne menneske som i liten eller ingen grad er i stand til å verna seg sjølv
- [Førebyggande heimebesøk - rettleiar](#) – eige punkt om vald i rettleiar får Helsedirektoratet
- [Rettleiar for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vald i nære relasjonar](#) rettleiar frå nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress

For deg som arbeider med vaksne menneske med nedsett funksjonsevne

- Bufdir har utarbeidd - [retningslinjer og veiledere ved seksuelle overgrep](#)
- [Den tause volden](#) – Krisesenteret si brosjyre om vald mot menneske med nedsett funksjonsevne.
- [Bufdir Rapport](#) om førebygging av vald i omsorgsenter og butilbod for personar med kognitiv funksjonsnedsetting, psykiske vanskar og/eller sosiale problem
- [TryggEst - vern av risikoutsette vaksne](#) TryggEst er eit prøveprosjekt i regi av Barne- ungdoms- og familiedirektoratet som skal medverka til å avdekka og forhindra overgrep mot vaksne menneske som i liten eller ingen grad er i stand til å verna seg sjølv
- [Rettleiar for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vald i nære relasjonar](#) rettleiar frå nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress

For deg som arbeider med minoritetspråklege

- Informasjonsskriv frå Regjeringa om [Arbeid mot negativ sosial kontroll](#)
- [Rettleiar for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vald i nære relasjonar](#) rettleiar frå nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress
- [Dinutvei.no](#) har informasjon på mange språk
- [Tvangsekteskap og æresrelatert vold](#) – Bufdir si informasjonsside
- [Brosjyrer, filmer og veiledere](#) frå Bufdir
- Hos Krisesentersekretariatet finst [brosjyre om juridiske rettigheter](#) for menneske som er utsett for kriminelle handlingar. Brosjyrar finst også på fylgjande språk: [arabisk](#), [bulgarsk](#), [engelsk](#), [russisk](#), [kurdisk](#), [somalisk](#), [thai](#), [tyrkisk](#), [urdu](#), [samisk](#)

Kilder:

Kommuneplan for Voss herad 2020-2023 [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

Oppvekstplan Voss herad 2015-2018

Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vos herad 2016-2020

Bustadsosial handlingsplan Voss herad

Helse- og omsorg, Voss herad, sitt strategidokument «Morgondagens omsorg i mine og dine hender, 2015-2025»

[Regjeringa si opptrappingsplan mot vald og overgrep 2017-2021](#)

Regjeringa si handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangs-ekteskap og kjønnslemlesting: [Retten til å bestemme over eget liv 2017-2020](#)

Regjeringa sin strategiplan for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom: [Barndommen kommer ikke i reprise 2014-2017](#)

Regjeringa si handlingsplan mot vald i nære relasjonar [Et liv uten vold 2014-2017](#)

[Regjeringen sin handlingsplan mot voldtekt 2019-2022](#)

[Vold og voldtekt i Norge - en nasjonal forekomststudie \(Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress 2014\)](#)

Isdal, Per (2000) Meningen med volden [Definisjoner av vold](#)

Skildring av ulike former for vald er henta frå Norsk Helseinformatikk [Vald i nære relasjonar](#) og frå Rettentil.no [Vold i nære relasjoner](#)

[Vold og overgrep mot eldre personer i Norge - en nasjonal forekomststudie \(NKVTS 2017\)](#)

[NOU 12/2017 Svikt og svik](#) Gjennomgang av saker der barn har vore utsett for vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt

[Alle kjenner noen som har opplevd det](#) Barneombudet – samtaler med ungdom om seksuelle krenkelser – 2018



Voss herad

[Kan dem takke seg selv?](#) (Aanerød, Vibeke 2015) Krisesentersekretteriatet

Grøvdal, Yngvil (Nasjonalt kunnskapscenter om vold og traumatisk stress Rapport 2/2013) [Mellom frihet og beskyttelse? Vold og seksuelle overgrep mot mennesker med psykisk utviklingshemming, en kunnskapsoversikt](#)



Voss herad